



Medietilsynet
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY

ALLMENN— KRINGKASTINGS— RAPPORTEN

Kringkastingsåret 2014



Innhald

Forord	3
Rettslig grunnlag og tendensar i allmennkringkastinga	4
Lokalisering	8
NRK	18
TV 2	36
Radio Norge	44
P4	52



FORORD

Dette er den ellevte rapporten frå Medietilsynet om kringkastarane si oppfylling av allmennkringkastingsforpliktingane sine. Vi varsla i fjar at det neste året ville bli annleis, at forpliktingane ville bli færre og ein del spesifikke krav ville falle bort. Det er no ein realitet. Vi er også inne i eit år der allmennkringkastinga si rolle blir debattert, undersøkt og drøfta. Det blir gjort analysar på kva allmennkringkastarane gir oss som samfunn, og kva for posisjon allmennkringkastinga har i den norske mediemarknaden.

Mangfaldet i allmennkringkastinga heng saman med lokaliseringa. Alle dei fire allmennkringkastarane har krav knytte til kor hovudkontor og redaksjonelle miljø skal vere. Dette skal sikre at kringkastarane gir oss ulike perspektiv og ei breidde i dekninga av det norske samfunnet. NRK er i ei særstilling og skal både ha eit lokalt nærvær og bringe innhald frå det langstrakte landet vårt. Medietilsynet har vore på tilsyn hos Radio Norge og TV 2 i Bergen og P4 på Lillehammer. Ei slik gjesting gir verdifull innsikt i organisasjonen og den redaksjonelle drifta til allmennkringkastarane.

Tilsynsresultatet for årets rapport viser det same som i 2013; dei smale innhaldstilboda fortset å søkke, og med færre spesifikke krav til dei kommersielle kringkastarane, understrekar dette NRK si viktige rolle i det framtidige allmennkringkastingstilbodet. Det er mindre lønnsamt å lage smalt innhald, og spørsmålet blir då; korleis skal vi vareta mangfaldet, og kven skal ha denne oppgåva? Breidda i den framtidige allmennkringkastinga heng nøye saman med korleis vi finn svar på det.

God lesing!

Fredrikstad 9. juni 2015



Tom Thoresen, direktør



Rettsleg grunnlag og tendensar i allmennkringkastinga

Medietilsynet skal etter kringkastingslova utarbeide ein årleg rapport om korleis NRK, Radio Norge, P4 og TV 2 oppfyller allmennkringkastingsoppdragene sine.

Allmennkringkastingsoppdraget gir føringer for innhaldet kringkastarane skal tilby til publikum, og dei fire allmennkringkastarane har kvart sitt konkrete definerte oppdrag.

Allmennkringkastinga er i endring. 2014 er det fyrste året med nye og lettare forpliktingar for Radio Norge og P4. Det skal vere ein brei gjennomgang av NRK sitt oppdrag i den komande stortingsmeldinga som er venta om kort tid. I meldinga vil også rolla til dei kommersielle allmennkringkastarane bli drøfta, og TV 2s avtale med staten er forlengd med eitt år ut 2016.


Medietilsynets årlege rapport fortel korleis dei fire norske allmennkringkastarane oppfyller samfunnsoppdragene sine. I hovudtrekk er vurderinga at NRK, TV 2, P4 og Radio Norge i det store og heile varetar krava sine. Årets tilsynsresultat viser likevel at allmennkringkastingsprinsippa står overfor utfordringar når det gjeld visse tendensar i programsetjinga av smalare innhaldstilbod. Desse tendensane er særleg knytte til programsetjinga i radio, og har fått eit tydeleg utslag etter at det blei sett langt færre spesifikke innhaldskrav i konsesjonsvilkåra til dei kommersielle radiokanalane. Medietilsynet har dei siste åra peikt på tendensen til at innhald som har eit avgrensa publikumspotensial, ikkje programsetjast dersom det ikkje er konkrete krav om det. Allmennkringkastingstilsynet har vist dette over fleire år, og tendensen er relevant i eit allmennkringkastingsperspektiv.

Allmennkringkastingsomgrepet er dynamisk og skal gå i takt med den generelle medieutviklinga for å kunne fylle den demokratiske, kulturelle og sosiale rolla si i samfunnet. Dei sentrale prinsippa i allmennkringkastinga blei nærmare konkretiserte og utdjupa av Allmennkringkastingsrådet i si tid. Prinsippa for allmennkringkasting er teke inn i oppdraga til dei fire allmennkringkastarane i form av overordna krav, og det er lang forvaltningspraksis for kva som ligg i desse krava. Sjølv om formidlingsmåtar og brukarvanar endrar seg, er likevel eit sentralt prinsipp i allmennkringkastinga at tilbodet skal femne og representere det mangfaldet av grupper som samfunnet består av. I eit allmennkringkastingsperspektiv står målet om å leggje til rette for befolkninga si tilgang til eit smalt programtilbod fast, sjølv om verkemidla endrar seg.

Dei fire norske allmennkringkastarane har ulike sett av forpliktingar, men felles for alle er at allmennkringkastingsoppdraget består av både overordna og spesifikke krav. Dei spesifikke krava gir klare føringar om tilbod til bestemte målgrupper, for eksempel barn, unge og minoritetar. Dei gir også klare føringar om eit eige nyheits- og aktualitetstilbod, tilbod innanfor ulike temaområde, for eksempel livssyn, natur og vitskap, og at innhaldet skal formidlast på både lette og meir fordjupande måtar. Oppfyllinga av dei overordna krava blir vurdert i hovudsak med bakgrunn i den samla oppfyllinga av dei spesifikke krava. Når dei spesifikke krava blir fjerna gir det større spelrom for den einskilde allmennkringkastaren når det gjeld kva målgrupper det programsetjast for, og kva tema og sjangrar som blir inkluderte i innhaldstilbodet.

Alle dei tre allmennkringkastarane på radio har eit ansvar for å fremje norsk musikk. Det er krav om 35 prosent norsk musikk både for NRK, P4 og Radio Norge. Tilsynet viser at det blir spelt mykje norsk musikk i norske allmennkringkastingskanalar.

NORSK MUSIKK SPELT I RADIOKANALENE DEI SISTE TI ÅRA



NRK har som offentleg allmennkringkastar eit særskilt samfunnsoppdrag og har derfor krav om å leve allmennkringkasting på alle plattformar. Allmennkringkastingsoppdraget til NRK er fastsett i vedtekten som byggjer på NRK-plakaten. NRKs allmennkringkastingsoppdrag blei sist endra i 2009, då NRK blant anna fekk utvida oppdraget sitt til å leve allmennkringkastingstilbod på nett. Den varsla stortingsmeldinga om NRK er venta i løpet av 2015.

Både Radio Norge og P4 har konsesjon til å drive riksdekkjande, reklamefinansiert radio i FM-bandet og har også forplikta seg til å vere med på utbygginga av det digitale sendarnettet for radio i Noreg. Fram til sløkking av FM-nettet i 2017 skal Radio Norge og P4 sende både på FM og digitalt. Radio Norge og P4 har langt færre spesifikke innhaldskrav enn dei har hatt den siste tiårsperioden. Begge kanalane skal ha ein programprofil av allmenn karakter og interesse, med breidde i tema og sjangrar. Radio Norge og P4 skal også ha program for både breie og smale grupper.

TV 2 har i avtale med staten, fått status som formidlingspliktig allmennkringkastar og skal ha hovudkontor og sentral nyheitsredaksjon i Bergen. Programprofilen til hovudkanalen skal vere av allmenn karakter og interesse, med breidde i tema og sjangrar. I tillegg stiller avtalen visse spesifikke innhaldskrav.

Tilsynet er basert på ein gjennomgang av aktørane sine eigne allmennkringkastarrekneskap. Rekneskapane skildrar programtilbodet det siste året og kva kringkastaren har gjort for å oppfylle forpliktingane sine. I tilfelle Radio Norge, P4 eller TV 2 ikkje innfrir dei krava som er nedfelte i konsesjonsvilkåra eller avtalevilkåra deira, vurderer Medietilsynet om det skal reisast tilsynssak. I slike vurderingar legg Medietilsynet vekt på storleiken på avviket og

allmennkringkastaren si utgreiing for konkrete tiltak. Det blir også lagt vekt på i kva grad kringkastarane har innretta seg etter tidlegare merknader frå Medietilsynet.

Ved brot på krava kan dei kommersielle allmennkringkastarane få sanksjon i form av åtvaring, gebyr eller tvangsmulkt. Generalforsamlinga til NRK følgjer opp NRK.



TV 2, P4 og Radio Norge er forplikta til å ha sine hovudkontor og sentrale redaksjonar utanfor Oslo. Å legge sentral redaksjon og nyheitsavdeling utanfor hovedstaden er frå politisk hald sett som viktig av omsyn til variasjon i utval av tema og perspektiv i allmennkringkastaranes programtilbod. Etablering av hovudkontor utanfor Oslo bidrar også til å skape arbeidsplassar og levande redaksjonelle miljø fleire stadar i landet. NRK står i ei særstilling med krav til nærvær i heile landet. Dei har krav om å ha regionale kontor, og dei skal formidle godt lokalt innhald.

Medietilsynet har besøkt alle kontora som etter konsesjonsvilkåra skal vere hovudkontor for dei kommersielle allmennkringkastarane. Det er to år sidan sist Medietilsynet gjorde eit slikt tilsynsbesøk. I tillegg har TV 2, P4 og Radio Norge svart på ei rekke spørsmål om bruken av hovudkontoret og den redaksjonelle strukturen. Desse svara utgjer saman med Medietilsynet sine besøk, grunnlaget for konklusjonane våre.

I vurderinga av om kravet til hovudkontor er oppfylt har Medietilsynet lagt vekt på desse momenta:

- ❖ Registrert verksemadsadresse i Brønnøysundregistra
- ❖ Adresse som blir brukt overfor offentlege styresmakter
- ❖ Organisasjonsstrukturen. Her er det sett på den geografiske plasseringa av tilsette kategorisert i avdeling/type arbeid. Det er teke omsyn til pendlarar
- ❖ Korleis dei redaksjonelle vala blir tekne. Her er det lagt vekt på organisering av det redaksjonelle arbeidet, medrekna kor dei som har ansvar for programlegging/sendeskjema har base, og kvar dei redaksjonelle avgjerdene blir tekne. Vidare er det spesifikt sett på organiseringa av den sentrale nyheitsredaksjonen
- ❖ Korleis sendingane blir avvikla. Her er det sett på den tekniske sendaravviklinga i hovudtrekk, og medrekna kva for sendingar som går frå dei ulike kontora

TV 2

Medietilsynet har kome til at TV 2 oppfyller kravet om å ha sitt hovudkontor og sentrale nyheitsredaksjon i Bergen. TV 2 har registrert verksemadsadresse i Bergen og nyttar denne overfor norske styresmakter. Dei fleste avdelingane i TV 2 har tilsette både i Bergen og Oslo. Av 435 årsverk i Bergen mot 404 årsverk i Oslo, arbeider hovudtyngda med nyheter, teknikk og sport. Avdelingar som bare har base i Bergen er kommunikasjon, økonomi, lønn, TV 2 og Sumo-redaksjonen. Dei to avdelingane Promo og Plan og utspilling er sterkt forankra i hovudkontoret, med eit fåtal tilsette i Oslo. Sals- og marknadsavdelinga ligg i all hovudsak i Oslo.



Bergen har i alle år vore TV 2s heimby – og det er i Bergen den sentrale nyheitsredaksjonen befinn seg. Alle TV 2s kveldssendingar blir sende frå Bergen

Fem av dei åtte direktørane under sjefsredaktøren er plasserte i Bergen og tre i Oslo. Leiar- og styremøta blir jamt fordelte mellom dei to byane. Generalforsamlinga blir halden i Bergen kvart år.

Redaksjonelt består TV 2 av tre hovudkategoriar i programtilbodet sitt; underhaldning, nyheter og sport. Det er éin sjefsredaktør som har det overordna ansvaret for kva som skal sendast på TV 2s kanalar. Tv-direktøren som leier underhaldningsavdelinga, sit i Oslo. Underhaldningsavdelinga har nokre tilsette i Bergen, men har hovudtyngda i Oslo. Det er videokonferansemöte kvar veke der både tilsette i Bergen og Oslo deltar.

Avdelinga Plan og utspilling har ansvaret for å programsetje sendeskjema og for utspeling for alle TV 2s lineære kanalar. Avdelinga har sitt hovudsete i Bergen og berre eit fåtal tilsette i Oslo. Nyheits- og sportsredaktøren og sportssjefen sit i Bergen. Leiarmøta skjer kvar veke via videokonferansar mellom Oslo og Bergen. Det er 70 årsverk i Bergen og 27 årsverk i Sporten i Oslo, og både den redaksjonelle og tekniske tyngda ligg på hovudkontoret. OL i Sotsji var forankra i Bergen, og alt som ikkje blei handtert onsite i Sotsji, gjekk frå Bergen. Det same vil skje under sommer-OL i Rio de Janeiro i 2016.

Medietilsynet har vektlagt at TV 2 har den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen. Leiinga for Nyheter og sport er samansett av ni personar, der fire sit i Bergen og fem i Oslo. Dei redaksjonelle avgjerdene blir tekne på to daglege møte. Nyheitssjfane i Bergen og Oslo leier møtet frå Bergen. Møta går føre seg via videolink mellom dei to byane. TV 2s kveldssendingar blir alltid sende frå hovudkontoret. Dei fleste redaksjonane i *Nyhetene* er både i Oslo og Bergen, men nyheitsteksting, nyhetsgrafikk, utanriks og *Lørdagsmagasinet* held i heilskap til i Bergen. Den vesle overvekta av årsverk i nyhetsavdelinga i Oslo er ifølgje TV 2s utgreiing knytte til TV 2 Nyhetskanalen.

Når det gjeld avvikling av sendingane er hovudkontrollen lagd til Bergen, og alle signala som TV 2 sender ut må innom denne. Hovudkontrollen ligg under avdelinga for Plan og utvikling. Talet på sendeminutt for nyheiter er noko høgare i Oslo (52 prosent) enn i Bergen (48 prosent). Innanfor underhaldning blir dei faste programpostane avvikla frå Oslo, mens daglege sportssendingar alltid blir sende frå Bergen.

TV 2 har saman med NRK, grafikkselskapet Vizrt, Bergens Tidende, Bergensavisen og medieutdanninga ved Universitetet i Bergen, vedtatt å flytte inn i lokale i Media City Bergen. Arbeidet med dette prosjektet fortset, og planlagd innflytting er i 2017. Medietilsynet ser at TV 2 har sterk forankring i Oslo, men har etter ei heilskapsvurdering kome fram til at TV 2 oppfyller kravet til hovudkontor i Bergen.

P4

Medietilsynet har kome til at P4 oppfyller kravet om å ha sitt hovudkontor og den sentrale redaksjonen sin, på Lillehammer. P4 har registrert adressa si på Lillehammer i Brønnøysundregistra, og nyttar også denne adressa overfor offentlege styresmakter. P4 har 27 tilsette på Lillehammer, 65 tilsette i Oslo og to i Bergen/Tromsø. At arbeidskrafta hovudsakleg er plassert i Oslo, taler i utgangspunktet for at hovudkontoret også er i Oslo. Det er også ein forskyving frå førre tilsyn for to år sidan. Nå er det éin mindre på Lillehammer og tre fleire i Oslo.



I P4s lokaler på Lillehammer arbeider 27 tilsette – blant anna økonomiavdelinga. Den sentrale redaksjonen er også plassert i mjesbyen

Når Medietilsynet har kome til at kravet om hovudkontor på Lillehammer er oppfylt, er det fordi tilsynet har sett på kor dei ulike typane avdelingar er plasserte. For Medietilsynets vurdering har det vore viktig at nyheitsavdelinga i hovudsak er plassert på Lillehammer. Både nyheitsredaktøren og nyheitssjefen har base der, og elleve av medarbeidarane i nyheitsavdelinga er tilsette på Lillehammer, mot seks i Oslo og to i Bergen/Tromsø. Alle dei 8 333 nyheitssendingane er sende frå Lillehammer. Nyheitsredaksjonen på Lillehammer er på vakt frå klokka 04.45 til 00.15 på kvardagar og frå klokka 07.00 til 00.15 i helgane. Trafikkredaksjonen er også plassert på Lillehammer.

At programavdelinga hovudsakleg er plassert i Oslo er eit moment som trekker i retning av at hovudkontoret er i Oslo. Medietilsynet har likevel her lagt vekt på at produksjonsleiarfunksjonen er lagd til Lillehammer, med ansvar for bemanning, turnus, sendetablå og dagleg avvikling av sendingar, både for nyheter og program. P4 klargjer også for tilsynet at alle medarbeidarane får grunnleggjande opplæring på Lillehammer. Vidare er dei tilsette i teknisk avdeling/drift plasserte med fem i Oslo og fem på Lillehammer. P4s utgreiing viser at på Lillehammer er det tre programingeniørar, teknisk sjef og frilansarar som har den kontinuerlege tekniske vakttenesten. I tillegg har P4 ein IKT-ingeniør og utviklarar som arbeider med det eigenutvikla produksjons- og publiseringsteknologien Max Manus, nett og mobil. Økonomiavdelinga er også plassert på Lillehammer. At sals- og marknadsavdelinga er basert i Oslo er etter Medietilsynets vurdering underordna i denne samanhengen.

Vi legg til grunn at det redaksjonelle ansvaret ligg hos nyheitsredaktør på Lillehammer, saman med at publiseringansvaret og produksjonsleiarfunksjonen ligg der. Daglege morgonmøte blir leidde frå Lillehammer. Det at P4 både redaksjonelt og administrativt, har hovudtyngda si på Lillehammer, taler for at den sentrale redaksjonen og hovudkontoret er der. Tilsynet har vidare veklagt at alle sentrale tekniske funksjonar for P4 er på Lillehammer. Dette gjeld produksjons- og publiseringssystemet, lydproduksjon og avvikling, nett og mobilpublisering, kontorsystem og IKT-utvikling. Det er av underordna tyding at salsstønad og reklamebooking er baserte i Oslo. Utspeiling for alle plattformer er fysisk plassert på Lillehammer som derfor har funksjonen teknikkvakt. P4 seier at dette til tider inneber redaksjonelle avgjerder og fullmakt til å ta avgjerder, på tvers av avdelingar. Vi har vidare lagt vekt på at P4 i all hovudsak avviklar sendingane frå Lillehammer.

Medietilsynet har etter ei heilskapsvurdering kome til at P4 oppfyller kravet om å ha sitt hovudkontor og sentrale redaksjon på Lillehammer.

Radio Norge

Medietilsynet har etter ei heilskapleg vurdering under tvil kome til at Radio Norge oppfyller kravet til å ha hovudkontor og den sentrale redaksjonen minimum 70 kilometer utanfor Oslo. Radio Norge fortel at kanalen har hatt hovudkontor i Bergen i 2014. Medietilsynet slår fast at denne plasseringa varetek kravet om avstanden til Oslo.

I allmennkringkastarrekneskapen skriv Radio Norge at SBS Radio Norge AS' kontor er i Oslo. SBS Radio Norge AS har registrert verksemadsadresse i Bergen i Brønnøysundregistra. Konsesjonsavtalen er inngått med SBS Radio Norge AS. Det er i utgangspunktet dette selskapet som har eit krav om lokalisering, men SBS Radio Norge AS eig og driftar fleire radiokanalar, medrekna allmennkringkastaren Radio Norge. Radio Norge har ikkje ein eigen administrasjon, salsavdeling eller teknisk avdeling. Radio Norge definerer såleis seg sjølv som ei rein redaksjonell bedrift, med journalistar og leiarar.



Radio Norge har no hovudsete i Bergen. Her er anker Elise Farestveit fra nyhetsredaksjonen i Bergen

På spørsmål fra Medietilsynet gir Radio Norge ytterlegare informasjon om lokaliseringa av hovudkontor og sentral redaksjon. Radio Norge seier at SBS Radio Norge AS ikkje har organisert radiokanalane i eigne datterselskap, men at desse inngår i SBS Radio Norge AS' produktporlefølje. SBS Radio Norge AS har likevel registrert to undereiningar (avdelingar) i Brønnøysundregistra, eitt i Bergen og eitt i Oslo. Dette er gjort blant anna for å markere at radiokanalen Radio Norge, som tilhører bergensavdelinga, er lokalisert i Bergen.

Slik SBS Radio Norge sjølv beskriv, opererer verksemda reelt sett med to ulike hovudkontor, eit hovudkontor i Bergen for Radio Norge og eit hovudkontor i Oslo for verksemda sine andre selskap og radioprodukt. I tillegg har hovudkontoret i Oslo einskilde fellesfunksjonar for alle produkt/radiokanalar. Ut frå ei rein språkleg tolking av konsesjonsvilkåra er kravet til lokalisering knytt til selskapet SBS Radio Norge AS. Organiseringa som er valt oppfyller derfor isolert sett ikkje konsesjonsvilkåret om lokalisering. Likevel må Medietilsynet sjå hen til formålet bak kravet til lokalisering, som er knytt opp mot at det redaksjonelle miljøet i allmennkringkastingsverksemda til Radio Norge blir lagt utanfor hovudstaden. Etter ei slik funksjonsbasert fortolking har Medietilsynet kome fram til at ein kan sjå på undereininga Radio Norges organisering, som ei sjølvstendig eining. For ei rekke av kriteria Medietilsynet

har trekt opp som relevante for vurderinga av lokaliseringskravet, blir det likevel utfordrande å skilje mellom den verksemda som ligg i konsesjonærselskapet SBS Radio Norge AS og den som relaterer seg til undereininga med radiokanalen Radio Norge. Dette gjeld blant anna for vurderinga av enkelte fellesfunksjonar som er administrerte frå kontoret i Oslo. Slike fellesfunksjonar må bli tatt med i heilskapsvurderinga av lokaliseringa.

Radio Norge opplyser at leidmøte og styremøte blir arrangerte i Bergen, og redaksjonelle avgjelder for Radio Norge blir i hovudsak tatt i Bergen. SBS Radio Norge AS består av totalt 64 årsverk, der 10,5 årsverk er plasserte i Bergen. Desse årsverka er fordelt på nyheitsredaksjonen, programredaksjonen, booking, salsavdelinga og leiringa. I det som er undereininga Radio Norge, er det ifølgje Radio Norge totalt 14 årsverk i redaksjonen og 4,5 årsverk er plasserte i Bergen. At nærmere 68 prosent av den samla redaksjonen er plasserte i Oslo, taler i utgangspunktet for at hovedkontoret med den sentrale redaksjonen, også er i Oslo.

Når Medietilsynet likevel er kome til at kravet om hovedkontor minimum 70 kilometer utanfor Oslo er oppfylt, er det lagt avgjerande vekt på at Radio Norges nyheitsredaksjon i hovudsak er plassert i Bergen med 4,5 årsverk opp mot 1,5 årsverk i Oslo. Dette utgjør totalt 75 prosent av årsverka i nyheitsredaksjonen. Nyheitsredaksjonen haldast fram for å vere den viktigaste komponenten i Radio Norges sentrale redaksjon. Nyheitsproduksjonen under radiokanalen Radio Norge, skjer i Bergen, og dei redaksjonelle avgjerdene blir tekne her. Radio Norge har presisert for Medietilsynet at 70 prosent av nyhetsbulletinene blir lesne direkte frå Bergen. Resterande blir formidla av nyhetsopplesaren som er knytt til Morgenklubben med Loven & Co og sender frå Oslo. Radio Norge opplyser at vaktsjefen og nyheitsredaktøren pendlar mellom Oslo og Bergen og fordeler tida si likt mellom dei to byane.

Det kjem såleis fram at nyheitsredaksjonen i all hovudsak er lokalisert i Bergen, men at redaksjonen som heilskap har mange av medarbeidarane i Oslo. Medietilsynet har i vurderinga sett på organiseringa av det redaksjonelle arbeidet og har lagt avgjerande vekt på at dei redaksjonelle avgjerdene for Radio Norge blir tekne i Bergen.

I allmennkringkastarrekneskapen seier Radio Norge at teknisk playout var fordelt mellom Oslo (55 prosent) og Bergen (45 prosent), men at det blei arbeidt med ei teknisk oppdatering for Radio Norge i Bergen, slik at den tekniske avviklinga i all hovudsak ville vere der. I Radio Norges supplerande informasjon til Medietilsynet seier kanalen at den tekniske avviklinga av radiosendingane til kanalen skjer i sin heilskap frå Bergen. Medietilsynet legg til grunn at Radio Norge har fullført flyttinga av den tekniske avviklinga og dermed knytt denne funksjonen til verksemda i Bergen.

Vurderinga av kravet om at Radio Norge skal ha sitt hovedkontor og den sentrale redaksjonen minimum 70 kilometer utanfor Oslo sentrum, byggjer på ei heilskapleg vurdering av ei rekke moment, medrekna visse formelle forhold som registrert adresse og tekniske, organisatoriske og redaksjonelle forhold. I heilskapsvurderinga er det særleg forhold knytte til organisering av

leiing og medarbeidarar og redaksjonelle strukturar, som er viktige i vurderinga av kor hovudkontor og sentral redaksjon reelt sett ligg. I allmennkringkastarrekneskapen beskriver Radio Norge seg som ein rein redaksjonell verksemd og at kanalen ikkje har eigen administrasjon, salsavdeling eller teknisk avdeling. Det blir opplyst at desse funksjonane blir drifta sentralt frå Oslo. På førespurnad frå Medietilsynet har Radio Norge presisert at dei likevel har fulloperative avdelingar for booking, sal og leiing, i tillegg til program- og nyheitsredaksjon, på hovudkontoret i Bergen. I tillegg blir leiarmøte for Radio Norge heldt i Bergen, og årlege strategisamlingar blir gjennomførte i Bergen der det fattast avgjerder. På bakgrunn av ei totalvurdering konkluderer Medietilsynet med at Radio Norge oppfyller kravet til lokalisering.

Medietilsynet vil likevel påpeike at tilsynet har vore i tvil om kravet til lokalisering er oppfylt. Særlig det forhold at tal på årsverk knytt til sentralredaksjonen i Radio Norge nyheitene i Bergen, er lågt (4,5 årsverk) og det faktum at ein stor del av medarbeidarane i andre delar av redaksjonen er lokaliserete i Oslo, gjer at kanalen ligg heilt i grenseland for at Medietilsynet kan finne at desse har hovudkontor i Bergen. Sjølv om andre funksjonar som booking, sal og leiing er representerte i Bergen, kjem det likevel fram at hovudtyngda av årsverk knytte til administrasjon, finans og sal ligg i Oslo. Medietilsynet vil derfor ha ein løpende dialog med SBS Radio Norge om lokalisering gjennom resten av året, og foreta en ny vurdering i neste års allmennkringkastingsrapport.

NRK

NRK står i ei særstilling med krav om nærvær i heile landet og å reflektere det geografiske mangfaldet i Noreg. Krava knytte til lokalisering dreiar seg både om å ha eit godt lokalt tilbod og lokalt nærvær. NRK skal ha distriktsendingar alle kvardagar og eit oppdatert regionalt nyheits- og innhaldstilbod på nett. Medietilsynet har kome til at NRK oppfyller alle krav til lokalt nærvær og godt lokalt tilbod.

NRK har tolv distriktskontor utanfor hovudkontoret på Marienlyst i Oslo og er til stades i 54 ulike lokalsamfunn i Noreg. Distriktskontora er lokaliserete i Troms og Finnmark, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Sørlandet, Østafjells, Hedmark og Oppland og Østfold.



NRK har tolv distriktskontor frå sør til nord. Denne radiogjengen befinn seg i Østfold, nærmare bestemt Fredrikstad

Utgreiinga frå NRK viser at distriktskontora står for ein vesentleg del av NRKs innhaldsproduksjon både på radio, tv og nett. Distriktskontora er regionalt til stades med nyheiter, og dei løfter lokale og regionale saker til eit nasjonalt publikum. Samstundes er distriktskontora ansvarlege for å produsere innhald til NRKs riksproduksjon innanfor ei rekke temaområde. NRK viser til at distriktskontora bidrar med historier frå heile landet og sikrar mangfald av dialektar i NRK.

NRK gjer også greie for at distriktskontora dekkjer svært ulike område med omsyn til geografisk utstrekning, topografi, befolkningssamsetning og næringsliv. NRK Trøndelag er til dømes ressurssenteret for radio, og dei har eit omfattande ansvar for programmer på radiokanalane P1 og P1+, med program som *Norgesglasset* og *Her og nå*. NRK Trøndelag har også ansvaret for temaområdet vitskap i program som *Schrödingers katt*, *Newton* og *Hjernekamp*.

NRK Hordaland er ressurssenteret for tv og har blant anna ansvaret for program som *Norge i dag* og *Norge Rundt*. NRK Hordaland har også ansvar for temaområdet natur og sjangeren kvardagsdokumentar med program som *Ut i naturen*, *Friluftsmagasinet*, *Naturens verden* og eit ansvar for innhaldet på ut.no og yr.no.

NRK Troms og Finnmark er eit kompetansesenter for produksjon av barne-tv og produserer i tillegg underhaldningsseriar og dokumentarar med utgangspunkt i nord-norsk verkelegheit, historie og natur. NRK Troms og Finnmark har i tillegg eit særleg ansvar for journalistikk på nordområda med tema som miljø, olje/gass og Noregs relasjonar til Russland. Når distriktskontoret i Troms og Finnmark igjen skal delast i to kontor frå 2015, vil NRK auke satsinga på nordområdejournalistikk med både morgen- og ettermiddagsendingar på radio frå

det nye kontoret i Finnmark. Etter Medietilsynets vurdering viser utgreiinga frå NRK at dei har eit rikeleg innhaldstilbod som enten er produsert i distrikta eller der innhaldet tek utgangspunkt i distrikta. Distriktsproduksjonen fører også til eit variert språkmangfald i NRK sitt tilbod.

NRK har distriktssendingar i P1 og NRK1 alle kvardagar. Distriktsnyheiter blir sende fleire gonger i sendeflata til P1, og distriktskontora lagar dei to viktigaste sendeflatene – frå klokka 06.00 til 09.00 og frå klokka 14.00 til 17.00. NRK1 har distriktssendingar frå klokka 18.40 til 19.00 alle kvardagar og frå klokka 20.55 til 21.00 måndag til torsdag. Siktemålet til NRK er å løfte fram heile landet i eit regionalt og nasjonalt perspektiv, og NRK viser til dømes nyheitssaker der dei regionale perspektiva har vore viktige i dekninga. Vi såg eksempel på distriktskontora sin beredskapsfunksjon i 2014, blant anna ved dekninga av dei store brannane i Lærdal og Flatanger og flommen i Hordaland. Distriktskontora har eigne nettsider og produserer innhald som oppfyller kravet til eit oppdatert regionalt nyheits- og innhaldstilbod på nett.



Kunnskap, innsikt og læring

NRKs ansvar for å tilby tenester som gir innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap, heng saman med allmennkringkastingsidealet om folkeopplysning. NRK har eit breitt faktatilbod innanfor vitskap, natur, helse, livssyn, livsstil og forbruk, undersøkjande dokumentarar, bakgrunnsstoff og historie. NRK tilbyr denne typen innhald på alle plattformer. NRK har i 2014 teke i bruk nye verkemiddel for å gjere tema innanfor folkeopplysningstradisjonen relevant og interessant.

Grunnlovsjubileet blei markert på ulike måtar på radio, tv og nett. 200 år med noregshistorie blei gjennomgått på 200 minutt av professor Frank Aarebrot, og tv-sendinga på NRK2 skapte stort engasjement på Twitter. Både dokumentarfilmar om norsk historie og reportasjar i *Norgesglasset* på P1, formidla hendingane i 1814 og kva som har forma norsk identitet. For barna blei denne delen av Noregs historie fortald gjennom NRK Supers musikkvideo *Til Dovre faller*.



Barn og unge fekk sjølv tolke og fortelje om noregshistoria i NRK Supers musikkvideo *Til Dovre faller*

Programstatistikken viser at NRKs tilbod har ein stor del vitskaps-, informasjons- og samfunnsprogram. Nokre eksempel på faste programpostar som byr på denne typen innhald, er *Schrödingers katt*, *Brennpunkt*, *Newton*, *FBI*, *Urix*, *Kulturstripa*, *Dagsnytt 18*, *Debatten*, *Aktuelt*, *NRK Ytring* og *P3-dokumentar*. I NRKs faktainnhald er bakgrunnsstoff og fordjuping viktig, og NRK har hatt både temadagar og temaveker både i P2 og NRK2 i 2014. Dette såg vi eksempel på blant anna i samband med fotball-VM i Brasil, OL i Sotsji og 600-årsjubileet for Kalmarunionen. NRKs eksempel viser ein god variasjon og djup i dekninga både av andre land og norske forhold.

NRK har fleire faste radio- og tv-program som byr på internasjonalt nyheits- og aktualitetsstoff. Utanriksdekkninga i 2014 har blant anna teke for seg norske jihadister og IS-soldatar i krig, ebola-utbrotet i Vest-Afrika og konflikten i Ukraina. NRK har utanrikskorrespondantar i Washington DC, London, Brussel, Moskva, Beijing, Nairobi og Kairo. I 2014 blei det oppretta to nye korrespondentkontor i Berlin og Istanbul, som blir sette i drift i 2015. Gjennom Nordvisjon samarbeider NRK med andre nordiske allmennkringkastarar, og i 2014 sende NRKs tre tv-kanalar 1 351 timer frå andre nordiske allmennkringkastarar.



Utanriksdekninga i 2014 har blant anna tatt for seg norske jihadister og IS-soldatar i krig, ebola-utbrotet i Vest-Afrika og konflikten i Ukraina. Biletet viser programleiarane i *Urix*

Medietilsynet vurderer at NRK oppfyller kravet om å tilby tenester som kan vere kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap med eit solid og mangfaldig tilbod. NRK gir gjennom innhaldstilboden sitt, auka kunnskap om internasjonale forhold og kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk. Kravet om å tilby innhald tilrettelagt for skuleverket, oppfyller NRK gjennom skuleportalen NRK Skole.

NRK har eit særskilt ansvar for å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformar blant brukarar i alle aldrar. Medietilsynet vurderer at NRK varetar krava knytte til nye medium. NRK fortel om eit breitt og mangfaldig innhaldstilbod og tenester på nett.

Barn og unge

NRK vektlegg å følgje barn sine medievanar og tilpassar innhaldet til dei plattformene der barn er. Medietilsynet meiner dette er viktig for å oppfylle kravet om å fremje barn sin rett til yttringsfridom og informasjon, og at NRK oppfyller dette. NRK Super bruker sosiale medium aktivt, og mykje av aktiviteten i eksempelvis nettdramaserien *Jenter* skjer på sosiale medium. *Superkviss* legg jamleg ut oppgåver på Instagram.

NRK viser til at nyheitssendinga *Supernytt* blir formidla både på tv, nett, Instagram og Snapchat. I 2014 sende *Supernytt* også kortdokumentarar. Den fyrste kortdokumentaren handla om konflikten i Syria, og syriske barn fekk sjølve fortelje om kvardagen sin.



I ein kortdokumentar i *Supernytt* gav syriske barn sitt perspektiv på ein vanskeleg vaksenkonflikt

NRK Super har sende også fleire dokumentarseriar som formidlar kjende realitetar for barn i Noreg. NRK varetok kravet om daglege norskspråklege program for barn under 12 år og jamlege norskspråklege program for unge. *Sofia Flux og det magiske høreapparatet*, om Iben og bestevennen Albert som får eit magisk høreapparat som gjer at dei kan høyre kva andre tenker, og eventyrdramaet *Trio – Odins gull*, om tre ungdomar som jaktar på ein skatt frå vikingtida, er eksempel på norsk drama for barn på NRK Super. NRK har også ønskt å stimulere barn sin humoristiske sans og hjelpe dei å knekke humorkodar i serien *Rodde og Kikkan*. Nettvit var temaet for haldningskampanjen *BlimE* og var som tidlegare år, også ei stor satsing i 2014.

NRK varetar også kravet om jamlege program for barn på samisk. *Mánáid-tv* blir sendt på NRK Super, og dei fleste sendingane er på nordsamisk. I 2014 blei det også sendt sørsamisk barne-tv gjennom ein serie på ti episodar om ein familie som flytter til ein ny stad. NRK Sápmi produserer også innhald for unge på samisk.

NRK tilbyr eit breitt utval eigenutvikla innhald for barn og unge på nett som blir oppdatert løpende. Medietilsynet legg til grunn at NRK vidarefører arbeidet sitt med å skjerme barn for skadeleg innhald på nett, blant anna gjennom tydeleg aldersmerking i tillegg til at foreldre skal kunne setje grenser i spelaren.

Samisk språk, identitet og kultur

Innhaldstilboden til NRK har i tråd med allmennkringkastaroppdraget, i stor utstrekning norsk forankring og speglar norsk realitet. NRK er aleine om å ha eit særskilt uttrykt oppdrag om også å styrke samisk språk, identitet og kultur og varetok desse krava på ein tilfredsstillande måte i 2014. NRK Sápmi har eit breitt tilbod av nyheiter, aktuelle historier og bakgrunnsstoff på nrk.no.



I 2014 viste NRK realityserien *Melkeveien*, som synleggjorde kvardagen for samiske mjølkebilsjåførar i nokre av dei mest vêrharde områda i landet vårt

NRK Sápmi har daglege nyheitssendingar på samisk i NRK1, NRK2 og P1 og sender kulturprogrammet *Árdna* på radio og tv. Mykje av det samiske innhaldstilbodet har fram til no vore på nordsamisk, men nytt i 2014 var eigne nyheitssendingar på sør- og lulesamisk. NRK sende 278 timer samisk tv i 2014, på same nivå som året før, og 1 737 timer samisk radio, som er ein auke på 20 timer samanlikna med 2013. På DAB auka det samiske tilbodet med 150 timer i 2014, og NRK sende 6 574 timer. Kategorien kultur i tv-tilbodet auka frå 2013 til 2014 frå fire til tolv timer, noko som er positivt i lys av kravet om å styrkje samisk kultur. På nett strøymer NRK Sápmi både kulturarrangement og aktuelle hendingar. NRK Sápmi markerte 25-årsjubileet for Sametinget i 2014 med eit eige tilbod på nett som tok for seg Sametingets historie, og produserte også ein dokumentar om Sametinget.

Etniske og nasjonale minoritetar

NRK er aleine om å ha eit uttrykt oppdrag om å formidle kunnskap om ulike minoritetsgrupper og å ha eigne program for nasjonale og språklege minoritetar. Grupper som har langvarig tilknyting til eit land, blir definerte som nasjonale minoritetar, og i Noreg gjeld dette kvener/norskfinnar, jødar, skogfinnar, rom og romanifolk. Noreg har ratifisert Europarådets konvensjon om vern av nasjonale minoritetar og Minoritetsspråkpakten, som begge set mål om å oppretthalde og utvikle kulturelt mangfold og tradisjonar i Europa. NRK sine forpliktingar overfor etniske og nasjonale minoritetar må sjåast som eit viktig verkemiddel for at Noreg skal nå desse måla.

NRK har i 2014 sendt det fleirkulturelle tv-magasinet *Migrapolis*. Magasinet blir laga av Østlandssendingen, som har særleg journalistisk kompetanse på fleirkulturelle spørsmål. Ei ny satsing på mp3 er eit dagleg ettermiddagsshow på radio med musikk og variert stoff retta mot urban ungdom. NRK viser også til program som *Brennpunkt*, som har tatt for seg ulike aspektar ved å vere fleirkulturell samt at relevante tema har vore ein del av den generelle nyheits- og aktualitetsdekninga. Medietilsynet finn at NRK varetar krava om å formidle

kunnskap om ulike grupper og om mangfaldet i det norske samfunnet og å skape arenaer for debatt og informasjon om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn.

NRK har i dei seinare åra lagd vekt på at det å synleggjere mangfaldet i det norske samfunnet blir gjort best ved å integrere minoritetar og ulike innvandrargrupper i det generelle innhaldstilbodet. I utgreiinga for kravet om eigne program for nasjonale og språklege minoritetar i 2014, understrekar NRK igjen at det er mindre formålstenleg med eigne program for ulike minoritetsgrupper som bruker norsk språk. Minoritetar som har sitt eige språk, føreset etter NRK sitt syn ei anna tilnærming. NRK hadde kvar veke radiotilbod på finsk/kvensk i P2 for den nasjonale minoriteten kvener. Kvensk er også eit språkval på yr.no. NRK viser også til ein ny dokumentar frå eit kvensk miljø, *Under en annen himmel*, der filmskaparen Anstein Mikkelsen skildrar den kvenske kulturarven sin, og kva press den kvenske kulturen og språket er under. NRK sende også dei to dokumentarane *En tater på vandring* og *Raya – Dronning uten rike*, som tok for seg personlege skildringar frå dei nasjonale minoritetane rom og romanifolket. *24 timer i Jerusalem* var ein eigen temakveld på NRK2, som gav eit innblikk i kvardagslivet til europeiske jødar i lys av diskusjonen om antisemittisme og diskriminering av jødiske barn.



NRK sende dokumentarane *En tater på vandring* og *Raya – Dronning uten rike*, som tok for seg personlege skildringar frå dei nasjonale minoritetane rom og romanifolket

NRKs generelle innhaldsstrategi bidrar på ein god måte til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit mangfold av identitetar på ein god måte. Slik krava er utforma i dagens vedtekter, skal NRK tilby program for nasjonale og språklege minoritetar. Omfanget av NRK sine program for nasjonale og språklege minoritetar er etter Medietilsynets vurdering, stadig på eit lågt nivå. Intensjonen er etter tilsynet si oppfatning, å sikre at desse gruppene har eit reelt tilbod i NRK, og som NRK sjølv påpeiker er tilnærminga med eigne program formålstenleg med omsyn til vernet av minoritetsspråk. Dersom eigne program skal

fungere som eit verkemiddel for representasjon og synleggjering av minoritetar i NRK sitt innhaldstilbod, må omfanget styrkast framover.

Nyheiter, aktualitetar og undersøkjande journalistikk

NRK oppfyller alle krav til nyheits- og aktualitetsdekninga på radio, tv og nett. I radio tilbyr NRK daglege, eigenproduserte nyheitssendingar kvar time. P2s *Nyhetsmorgen* gir to og ein halv time nyheitstilbod kvar morgon, der faste postar er *Politisk kvarter* og *Kulturnytt*. På tv sender NRK blant anna *Dagsrevyen*, *Kveldsnytt*, *Oddasat* og *Supernytt*. NRK har breidde og fordjuping i nyheiter og aktualitetar samt debatt- og informasjonsprogram på alle plattformer.

NRK framhevar *Dagsrevyen* som sitt største og viktigaste nyheitsprogram på tv, her blir nyheitene sette inn i ein større samanheng, kommentert og analysert. På radio er P2 kanalen for fordjuping, debatt og analyse. NRK.no tilbyr nyhetsoppdateringar og bakgrunnsstoff. NRK er opptekne av å utvikle nyheitsformat som treffer folk i dei kanalane dei bruker gjennom dagen og har auka nærværet på Facebook og andre sosiale medium i 2014.



Dagsrevyen er NRKs flaggskip for nyheiter – slik det har vore i mange år

Det samla tilbodet har ein tilfredsstillande variasjon og spreiing for folk i alle aldrar. Distriktsnyheter, nyheter på samisk og eigne nyheter til barn hjelper til å vareta ulike grupper i samfunnet. Ei av NRKs oppgåver er å avdekkje kritikkverdige forhold og bidra til å verne enkeltmennesket og grupper mot overgrep eller forsømmingar frå offentlege styresmakter og institusjonar, private føretak eller andre. NRK Nyheter prioriterer arbeid med eigne nyheitssaker og gir eksempel på at NRK har sett dagsorden i nyhetsdekninga i 2014.

Reportasjeserien *Drap og diagnoser* gjorde ein systematisk gjennomgang av 228 rettsavgjerder i norske drapssaker frå 2003 til 2012. NRK Nyheter sette i 2014 søkjelyset på vald mot barn. Gjennom eigenproduserte og innkjøpte dokumentarar har NRK eit rikeleg tilbod samtidsdokumentarar og hjelper til å sette søkerlys på ei rekke viktige samfunnsforhold. *Brannpunkt* og *Forbrukerinspektorene* er faste program med undersøkjande journalistikk.

NRK oppfyller kravet om eit løpende oppdatert tilbod av nasjonale og internasjonale nyheter på nett og skildrar eit utbreidd samspel mellom radio, tv og nett. NRK viser framleis satsing på undersøkjande journalistikk og bakgrunnsstoff på nrk.no og har vidareført debattforumet ytring.no. Kravet om å tilby faktum og bakgrunnsinformasjon for nyheter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål, er oppfylt.

Eit omfattande tal på faste program bidrar til å skape arenaer for den offentlege samtalen og gir kunnskap og analyse av viktige samfunns- og kulturspørsmål. Slik oppfyller NRK det viktige samfunnssoppdraget som ligg i kravet om å bidra til at befolkninga får tilstrekkeleg informasjon til å kunne delta aktivt i demokratiske prosessar.

Norsk språk, identitet og kultur

NRK har ein rikeleg norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla breitt på radio, tv og nett. Den omfattande eigenproduksjonen bidrar til å vareta det overordna kravet om å styrke norsk språk, identitet og kultur. Kravet om at tilbodet på NRK sine plattformer i hovudsak skal bestå av norskspråkleg innhald er oppfylt. Ved å formidle eit breitt spekter av norske kulturuttrykk og ha ei brei lokal forankring i dekninga av distrikta, styrkjer NRK norsk språk, identitet og kultur. Det fleirkulturelle tilbodet, det samiske tilbodet og tilbodet til nasjonale minoritetar bidrar til å spegle eit mangfold av identitetar i det norske samfunnet. NRKs skildring viser at denne synleggjeringa står sentralt i deira innhaldsstrategi.

NRK bruker både bokmål og nynorsk på radio, tv og nett. Det har i fleire år vore ei utfordring for NRK å oppnå minst 25 prosent nynorsk på alle plattformer. Etter ein periode der bruken av nynorsk og dialekt samla sett har hatt ein auke, går delen ned for fleire kanalar i 2014. I tv-kanalane er delen av nynorsk 21 prosent i NRK1, 27 prosent i NRK2, 17 prosent i NRK3 og 21 prosent i NRK Super. I radiokanalane er delen 26 prosent i P1, 16 prosent i P2 og 23 prosent i P3. På nrk.no er delen på 16 prosent. NRK innfriar kravet til 25 prosent nynorsk i P1 og NRK2. Nedgangen i P2 er på heile seks prosentpoeng samanlikna med året før. NRK Nynorsk mediesenter hadde i 2014 vore i drift i ti år, og senteret har lært opp 100 nynorsk-

praktikantar. Mange av desse jobbar i dag i NRK. NRK arbeider såleis langsiktig med å sikre rekruttering av medarbeidrarar og journalistar som bruker nynorsk. NRK har også fått fleire priser for målbruk i 2014, blant anna fekk NRK Super årets målpris frå Noregs Mållag. Med omfattande underleveransar for fleire av kanalane, oppfyller ikkje NRK krava om 25 prosent nynorsk på radio, tv og nett. Medietilsynet føreset at NRK fortset tiltaka for å auke bruken av nynorsk, i tråd med NRKs uttrykte mål om å ta vare på og vidareutvikle norsk språk gjennom begge målformer.

NRK skal atterspegle Noregs religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske samfunnet. I 2014 sende NRK *Salmeboka minutt for minutt*, der kor frå heile Noreg song dei 899 salmane frå den nye salmeboka i løpet av 60 timer direktesend tv og på nrk.no. Alle salmane er lagde ut på nett-tv. Med dette tilbodet ønskte NRK også å vise breidda i kultur-Noreg, der korsong er sterkt rotfesta. NRK overførde 56 timer radiogudstenester i P1 og 14 timer tv-gudstenester i 2014, det same som året før. P1 tilbyr morgenandakt, og P1 og P1+ sender livssynsprogrammet *Mellom himmel og jord*. På tv sende NRK livssynsprogrammet *Underveis* og dei to seriane *I heisen med og Døden*, som gjekk nærmere inn på eksistensielle spørsmål. Medietilsynets vurdering er at NRK sende både faste programpostar og seriar som varetek breidde i religiøse perspektiv og livssyn i 2014.



Kor frå heile Noreg var med på å synge dei 899 salmane frå den nye salmeboka i løpet av 60 timer direktesend tv og nett-tv

Kulturdekninga i NRK skal vere brei, variert og formidle ulike kunstuttrykk og kunstnarar, uavhengige miljø og offentlege kulturinstitusjonar. Ei rekke eigne, faste kulturprogram i NRK sitt tilbod fører til at dette kravet blir oppfylt. P2s kulturtildel blei styrkt med eit nytt fast program, *Salangen*, eit studioprogram som tek for seg satire, poesi, kunst og historieforteljing. Tidsaktuell kunst og kultur blir formidla på ein journalistisk måte i det daglege kulturmagasinet *Kulturhuset*, som saman med nyheitsprogrammet *Kulturnytt* og

kulturnyheiter på kvardagen gir ei stor breidde i NRK si kulturdekning. Kulturstripa på NRK2 gir fast dekning av ei rekke kulturområde, og i 2014 kom eit nytt litterært talkshow *Brenner & Bøkene* som baud på møte med ei rekke norske samtidsfattarar.



NRK har eit breitt tilbod av kulturprogram som vender seg til ulike publikumsgrupper, og kulturdekninga tek for seg både norsk og internasjonal kultur – og ikkje minst program med smalare publikumspotensial slik som *Brenner & Bøkene*

NRK har også eigne, faste program vigde til samtidskunst, visuell kunst, scenekunst og musikk. Framstillinga viser at kultursjangrar som ofte har eit smalare publikumspotensial, er ein del av NRK sitt tilbod. NRK viser også til eit variert tilbod av enkeltståande norske og internasjonale kulturdokumentarar. Medietilsynet vurderer at NRK har både variasjon og fordjuping i kulturtilboden. Vidare har NRK eit breitt tilbod av kulturprogram som vender seg til ulike publikumsgrupper, og kulturdekninga tek for seg både norsk og internasjonal kultur. NRK sitt underhaldnings- og humortilbod er to kategoriar som bidrar til ei stor breidde i kulturdekninga. NRK oppfyller også kravet om eit løpende oppdatert tilbod innan kunst, kultur og underhaldning på nett.

NRK har hatt sportssendingar som dekte både store idrettsopplevelingar og breidda i norsk idrettsliv, medrekna funksjonshemma si idrettsutøving i 2014. Sjakk-OL, sjakk-VM og fotball-VM i samarbeid med TV 2, var blant dei store idrettsopplevelingane på NRK i 2014. OL i Sotsji var også sentral i NRK si sportsdekning sjølv om TV 2 for fyrste gong hadde rettane. For dekninga av sjakk-OL utvikla NRK nye teknologiske løysingar, både for nett og tv. Eit eige sjakkbrett på nrk.no gav moglegheit for interaktivitet med NRK sine sjåarar. NRK si dekning av Paralympics var meir omfattande enn tidlegare, med 60 timer tv i tillegg til tre eigne nett-tv-kanalar. NRK har ei brei sportsdekning i radio og tv og eit løpende oppdatert sportstilbod på nett.

Norsk musikk, drama og film

NRK oppfyller kravet om at minst 35 prosent av musikken som blir spelt i radio skal vere norsk. P1 har ein del på heile 42 prosent, og i P2 og P3 er delane på 33 og 39 prosent. I formidlinga av den norske musikken skal NRK vektlegge norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk. Av den norske musikken som blir spelt er delen norsk på norsk i P1 på heile 64 prosent, i P2 er den på 20 prosent og i P3 på 27 prosent. Av den norske musikken er 97 prosent i P1, 60 prosent i P2 og 95 prosent i P3 norskkomponert. NRK oppfyller også kravet om å vektlegge norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk.

NRK har i oppdrag å halde eit fast orkester. Kringkastingsorkesteret (KORK) har hatt eit breitt repertoar frå underhaldningsmusikk til symfonisk musikk i 2014. Serien *Da KORK kom til bygda* gav orkesteret eit breiare publikum. I det direktesende konsertprogrammet *Torsdagsslive* markerte KORK grunnlovsjubileet med norsk musikk gjennom to hundre år. Kringkastingsorkesteret blir brukt på alle NRK sine plattformer, og spelte i 2014 blant anna med Bjørn Eidsvåg, på Nobelkonserten og i samband med markeringa av Alf Prøysen 100 år.



Da KORK kom til bygda var eit konsept der heile orkesteret besøkte bygder over heile landet og gav lokale musikarar sjansen til å stå på scena saman med dei. Her er programleiar Linn Skaaber i song

NRK har ein variert produksjon og formidling av norsk drama på radio, tv og nett. Dei store dramasatsingane i 2014 var thrilleren *Mammon*, krimserien *Øyevitne*, den smalare serien *Kampen for tilværelsen* og den eksternproduserte *Lillyhammer*, sesong tre. Radioteateret sende 15 nye seriar på P1 og P2 i 2014. NRK formidlar norsk film og stimulerer det norske filmmiljøet. Dei norske filmane *Into the White*, *Kompani Orheim* og *Babycall* er blant dei

norske filmane som blei vist på NRK i 2014. *Babycall* blei synstolka. NRK sine tv-kanalar NRK1, NRK2 og NRK3 sende til saman 124 norske filmar i 2014. NRK er ein viktig oppdragsgivar for eksterne produksjonsmiljø, og ifølgje NRK sin årsrekneskap har det vore ein monaleg auke ein monaleg auke i midlane som blir brukte på eksterne produksjonar i 2014 samanlikna med året før.




I den norskproduserte krimserien *Øyevitne* møter vi blant anna politietterforsker Camilla Bjerke, spelt av Yngvild Stoen Grotmol

Tilgjengelegheit og gratis tilbod

Det blir stilt høge krav til at NRK skal gjere innhaldstilboden sitt tilgjengeleg for alle. Tilgjengelegheit handlar både om utforming og distribusjon. NRK oppfyller i det store og heile alle krav knytte til tilgjengeleggjering av tilboden sitt. NRK fekk sin første tilgjengelegheitssjef i 2014, og ho har ansvar for å sikre at menneske med nedsett funksjonsevne har gode brukaropplevelingar på alle NRK sine plattformer.

Dei fleste førehandsproduserte program blir teksta, anten dei er norske eller framandspråklege. Ifølgje NRK blir også praktisk talt alle direktesende norske program i primetime, også simultanteksta. I tillegg tekstar NRK andre viktige program utanfor beste sendetid, som nyheitene kvar time på dagtid og *Kveldsnytt*. Delen teksting har auka jamleg gjennom dei siste åra, og i 2014 teksta NRK i gjennomsnitt 53 timer per døgn på tv-kanalane

sine. Dette er ein auke på fire timer samanlikna med 2013 og ti timer samanlikna med 2012. Medietilsynet ser positivt på NRK sitt arbeid med å styrkje tilbodet for blinde og svaksynte i 2014. NRK synstolka blant anna den norske filmen *Babycall* og har som mål å synstolke alle større eigenproduserte dramaseriar frå og med 2015.



NRK tilgjengeleggjer store delar av sitt arkiv – med mål om å legge ut til saman 15 000 program i løpet av 2015

NRK tar i bruk alle medieplattformar for å nå breitt ut med programtilbodet, og distribusjonen av NRK sine hovudkanalar på radio og tv er landsdekkjande. NRK viser til at ny teknologi og nye brukarvanar gir nye moglegheiter for tilgjengeleggjering av program. NRK sette i gong eit omfattande arbeid for å publisere store delar av arkivet sitt i januar 2014 og har publisert 5 000 program på nett-tv. Målet er å publisere ytterlegare 10 000 program i løpet av 2015. Program innan kategoriane kultur, underhaldning, drama, barne-tv, faktum og dokumentar blir prioritert, og deretter blir nyheiter og innhald frå distriktskontora lagde ut. NRK har også publisert program etter ønske frå publikum der det har vore mogeleg. Arkivpubliseringa er gjord mogeleg gjennom avtale med rettsorganisasjonen Norwaco, som gir NRK rett til å vise klipp og program produserte før 1997 på nett.

NRK uttrykkjer at det blir jobba for felles opne standardar på tekniske løysingar på mottakarboksar i den norske marknaden, noko som hjelper til å vareta kravet om at NRK så langt som mogeleg bør nytte opne standardar. Krava til at NRK sitt tilbod som hovudregel skal vere gratis, er også oppfylte.



Overordna krav til NRK si verksemد


NRK skal støtte og styrke demokratiet og oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet med sitt samla allmennkringkastingstilbod. Ut frå ei samla vurdering av korleis NRK innfrir dei andre krava i vedtekten, varetek NRK desse krava knytte til den demokratiske funksjonen sin i samfunnet. NRK har breidde i tematikk og sjanger i sitt samla tilbod i 2014. NRK sine kanalar på tv og radio utfyller kvarandre med dei breie kanalane NRK1 og P1, fordjupande og kunnskapsorienterte NRK2 og P2 og barne- og ungdomstilbodet i NRK Super/NRK3 og P3. Etter Medietilsynets vurdering er det fleire skildringar i NRK sin rekneskap for 2014 som stadfestar at NRK varetek kravet om å vere nyskapande, ha høg kvalitet og gi auka samfunnsverdi i innhaldstilbodet sitt på alle plattformer. Breidda NRK byr på i sitt samla tilbod og oppslutninga tilbodet har i befolkninga, viser etter Medietilsynets vurdering at NRK klarer å sameine dimensjonen for høg publikumsappell og samfunnsverdi.






Medietilsynets vurdering at NRK klarer å sameine dimensjonen for høg publikumsappell og samfunnsverdi. Her frå programmet *På bortebane* der eit av tema var dødsstraff i forskjellige land

NRK skal vere redaksjonelt uavhengig. Som offentleg, lisensfinansiert allmennkringkastar blir det stilt ei rekke spesifikke krav for å sikre at NRK sitt allmennkringkastingstilbod skal vere ikkje-kommersielt. Medietilsynet vurderer at NRK varetek krava knytte til redaksjonelt sjølvstende og eit ikkje-kommersielt tilbod, på ein tilfredsstillande måte. NRK si verksemđ er i hovudsak lisensfinansiert og er utan reklame på alle plattformer. Vidare legg Medietilsynet til grunn at krava knytte til NRK sin bruk av lisensmidlar og andre offentlege inntekter er vareteke. Tilsynet viser til etablerte kontrollsysteem, som revisjonen av NRK som blir utført av ekstern revisor, Riksrevisjonens årlege selskapskontroll og Konkurransetilsynets tilsyn etter konkurranselova.











Overordna krav

I 2014 hadde TV 2 for fyrste gong senderettane til dei Olympiske leikar. Sport er saman med nyheiter og aktualitetar og underhaldning, dei tre hovudkategoriane i TV 2 hovudkanalen. Totalt sende TV 2 869 timer tv frå OL i Sotsji, og det mest sette programmet i 2014 var OL-stafetten i langrenn for menn. TV 2 etablerte eit nytt system for direkteteksting på førehand av OL, og teksta alle store øvingar under leikane. Dette førte til ein markant auke i timer som blei teksta for høyselshemma, frå 1 301 timer i 2013 til 1 485 timer i 2014.



I 2014 hadde TV 2 for fyrste gong rettane til eit OL. Vinterleikane i Sotsji ble grundig dekkta, og her får vi eit innblikk på settet for ein av utandørssendingane

Allmennkringkastaroppdraget inneber at det skal vere breidde i tema og sjanger, både i den totale samansetjinga av programkategoriar og i tilbodet innan den einskilde programkategorien. Programstatistikken viser at det er ei tilfredsstillande spreiing av programkategoriar i TV 2s tilbod, i likskap med det som har kjenneteikna TV 2s allmennkringkastingstilbod dei seinare åra.

I tillegg til sportssendingane, sende TV 2 i løpet av 2014 fleire program i samband med OL-sendingane. Blant desse var *Senkveld i Sotsji*, *Vinnerskalle* om Aksel Lund Svindal, og *OL-drømmen* om Noreg sine mest talentfulle idrettsutøvarar og førebuingane deira til Sotsji-leikene. Andre sportshøgdepunkt for TV 2 var fotball-VM i Brasil som blei sendt i samarbeid med NRK, handball-EM for kvinner, tippeligakampane og Tour de France.

TV 2 er oppteken av å vere ei alternativ stemme i den norske offentlegheita. I rekneskapen sin understrekar TV 2 at dette er eit viktig element for å sikre befolkninga eit allment tilgjengeleg, breitt og høgverdig tv-tilbod, slik avtalen seier. Innan aktualitetstilbodet hadde TV 2 både einskilde program og seriar.



Født i feil kropp handlar om menneske som kjenner at dei er fødde med feil kjønn og kjempar for å bli forstått og å få leve som den dei er


Født i feil kropp, eit program som blei sendt i seks episodar, og magasinprogrammet *Vårt lille land* som gjekk inn i sin andre sesong, er eksempel på seriar frå 2014. Eksempel på einskilde program er *Stemorens fortelling*, om historia til stemora til Anders Behring Breivik, og filmversjonen av *Søsken til evig tid*.

TV 2 sende ei rekke livsstilsprogram, som *Bønder i byen* kor TV 2 hadde fokus på gode råvarer og sunt bondevit, *Tid for hjem* med oppussing- og interiørtips og *Norges grillmester*. Når det gjeld kanalen sitt dramatilbod hadde TV 2 premiere på norske seriar som *Det tredje øyet* og *Meglerne*. TV 2 hadde også nye humorkonsept med *Klippkompaniet* der norske komikarar kommenterer morosame videoklipp frå internett, og *Dritseint med Edel*, med

Henriette Steenstrup som forfattar Edel Hammersmark Gjervan – kjend frå *Torsdagkveld frå Nydalen*, har sitt eige talkshow.

Programstatistikken viser at kategoriar som typisk blir rekna som smalare innhaldstilbod, som religion/livsfilosofi og musikk/kultur, har relativt lite omfang. Medietilsynet finn likevel at breidda i tematikk og sjanger i TV 2 sitt totale programtilbod er tilfredsstillande, og at hovudkanalen oppfyller kravet om å ha ein programprofil av allmenn karakter og interesse. TV 2 innfrir også kravet til breidde i tema og sjanger innanfor den einskilde programkategorien.

TV 2 har vidare eit krav om at tilboden skal bestå av program både for breie og smale sjåargrupper. Vurderingane av dei spesifikke krava stadfestar at tilboden til dei nærmare definerte smalare gruppene også er varetekne. TV 2 reduserte likevel delen programtimar direkte retta mot barn og unge i 2014.



Nyheits- og aktualitetsdekninga


TV 2 sin hovudkanal sender dagleg eigenproduserte nyheter frå den sentrale nyheitsredaksjonen sin i Bergen, og innfrir krava til nyheitssendingar. TV 2 har seks korte nyheitssendingar på fem minutt kvar morgon på vekedagane, og ei lengre sending på 21 minutt frå klokka 06.30. TV 2s kveldsnyheter blir sende klokka 18.30 og 21.00.

TV 2 sende i 2014 til saman 468 timar nyheiter, noko som utgjer 6,9 prosent av den totale sendeflata. Dette er ein nedgang frå 2012 og 2013, noko som i følgje TV 2 er knytt til den store dekninga av 22. juli-rettsaka i 2012 og stortingsvalet i 2013.

TV 2 praktiserte også undersøkjande journalistikk, og var nyhetsleiande i saka der politimannen Eirik Jensen blei sikta for korruption, og i kartlegginga av nordmenn som reiser til Syria for å kriege.



I 2014 hadde TV 2 ei brei dekning av brannane i Lærdal og Flatanger



Formidling av norsk film og tv-drama

TV 2 sin hovudkanal skal oppretthalde tilnærma same formidlings- og kostnadsnivå for norsk film og tv-drama som i perioden 2007-2009. Avtalen legg til grunn at kostnadene ved såpeserien *Hotel Cæsar* blir haldne utanfor.

TV 2 sende i 2014 totalt 274 timer norsk drama, noko som utgjer fire prosent av den totale sendeflata. Av det totale talet sende timer norsk drama var 116 timer av sendetida *Hotel Cæsar*. Forutan *Hotel Cæsar* har talet timer norsk drama sokke med fem timer samanlikna med 2013. Dette gir likevel ein høgare del norsk film og tv-drama på TV 2 enn i førre avtaleperiode. Talet på fyrstegongsvisningar auka samtidig frå 13 timer i 2013 til heile 21 timer i 2014. TV 2 sende fyrstegongsvisningar av dei eigenproduserte dramaseriane *Det tredje øyet*, *Samurai Sikkerhet*, *Meglerne* og *Toget – Jakten på ein mordar*. Kanalen hadde også fyrstegongsvisningar av dei norske filmane *Kon-Tiki*, *Fuck up* og *Jakten på Berlusconi* i 2014.



I den eigenproduserte dramaserien *Det tredje øyet* på TV 2, møter vi ein familie som har mista eit barn

TV 2 fortel om store investeringar både innan norsk film og tv-drama i 2014. Innan norsk drama hadde TV 2 det høgaste investeringsnivået nokosinne. Investeringa i norsk film er lågare enn året før, men på nivå med tala frå 2007 og 2012.

Ei samla vurdering av delen norsk film og tv-drama og tilhøyrande investeringar, viser at sendedelen er høgare enn nivået i førre periode, og investeringane i norsk drama har auka rikeleg. Medietilsynet meiner at TV 2 innfrir kravet til formidling og satsing på norsk film- og tv-drama.

Program for barn og unge

TV 2 Junior blei i 2014 sendt kvar laurdag og søndag morgen frå klokka 06.00 til 06.40, og TV 2 hadde eit aukt tilbod til barn i høgtidene. Nokre av seriane som blei sende var *Prinsesse Lillefe*, *Pokemon*, *Tom og Jerry*, *Elias* og *Vennebyen*. TV 2 oppfyller med dette kravet til norskspråklege program for barn kvar veke.

Med 371 sendetimar og ein del på 5,5 prosent program for barn, har TV 2 hatt ein nedgang på 79 timer samanlikna med 2013. Kanalen avgjorde å redusere flata for barne-tv på hovudkanalen hausten 2014 og peikar på at barne-tv ikkje har same posisjon hos barn som før. Satsing på barn er i stor grad flytt til web-tv; TV 2 Sumo.



I ungdomsserien *Kollektivet* på TV 2 møter vi dei unge herrane Jakob Schøyen Andersen, Sebastian Trulsrød Brynestad, Kevin Vågenes og Fritjof Josefsen

Ungdomsprogrammet *Kollektivet* blei vist både i vår- og haustsesongen 2014 kvar fredag klokka 16.55. Til saman var det 21 fyrstegongsvisningar. Hausten 2014 sende TV 2 også reprise av programma. Dette tilseier at programmet som er direkte retta mot unge, var tilgjengelig på hovudkanalen i 21 av årets 52 veker i 2014, noe som er ein nedgang samanlikna med 2012 og 2013 då TV 2 sende *Kollektivet* i 33 av 52 veker kvart år.

TV 2 avgjorde å korte ned *Kollektivet*-sesongen i 2014 på grunn av eit økonomisk krevjande år med OL, VM og tunge dramasatsingar. I tillegg har den same gruppa som er med serien spelt inn ein spin-off-serie; *Suksesskolen*. Denne blei ikkje vist i 2014, men vil kome på skjermen i 2015.

Vidare er *Idol Junior* eit program kor TV 2 hadde som målsetjing å ta eit kjent konsept og lage det med fokus på dei unge, på dei unge sine premissar. TV 2 meiner dette viser deira auka satsing på unge sjåarar.

I lys av at Medietilsynets vurdering i fleire år har vore at TV 2 ligg i nedre sjikt av kva som kan reknast for å vere jamlege program for unge, er den ytterlegare nedgangen i tal på ungdomsprogram frå 2013 til 2014 problematisk. I ei heilskapsvurdering meiner tilsynet likevel det også er relevant å sjå til at ein spin-off-serie av *Kollektivet* er produsert i 2014 og skal visast i 2015. I tillegg legg tilsynet vekt på at TV 2 har vidareutvikla eit veletablert konsept som *Idol* til å rette seg spesielt mot eit ungt publikum gjennom *Idol Junior*, der deltakarane er barn og unge. Medietilsynet har under tvil kome til at TV 2 innfrir kravet til å sende norskspråklege program for unge jamleg i 2014, og er oppteken av at dei vidare planane retta mot unge blir iverksett i 2015.

Målformer og norskspråkleg del

TV 2 skal bruke begge målformer i sendingane sine, men det er ikkje stilt krav til kor stor del av dei samla sendingane som skal vere på bokmål eller nynorsk. TV 2 klargjer for bruk av begge målformer i sendingane sine og gir ei rekke eksempel på nyheitsankarar og programleiarar som bruker nynorsk. Kravet om bruk av begge målformer er dermed oppfylt.

TV 2 viser også til at dei har stor takhøgde for bruk av dialektar, og medarbeidarane deira blir oppmuntra til å bruke sin eigen dialekt på skjermen.

Norskspråklege program skal utgjere minst halvparten av TV 2 si sendetid. TV 2 rapporterer at delen norskspråklege program, forutan eigenpromotering og reklame, er på 52,8 prosent. Den norskspråklege delen er med dette 4,5 prosentpoeng lågare enn året før, men er likevel 2,8 prosentpoeng over kravet.



Nyheits- og aktualitetsdekninga

Radio Norge skal ha ein eigen nyhetsredaksjon og skal tilby faste, eigenproduserte nyhetsbulletiner gjennom heile dagen. Radio Norge sender faste nyhetsbulletiner dagleg frå nyhetsredaksjonen sin i Bergen. Nyhetsbulletinene har i hovudsak ei lengd på mellom to og tre minutt. Unnataket er sendingane 15.30, 16.30 og 20.00. Dei to fyrste er kortare og blir presenterte i form av overskrifter frå det aktuelle nyhetsbiletet. I tillegg blir det brote inn i sendinga ved viktige hendingar. I 2014 blei det sendt 182 nyhetsbrot som gav eit snitt på 3,5 per veke. Totalt sende Radio Norge 6 250 nyheitssendingar fordelt på alle årets dagar.



Reportar Thomas Alsaker live frå Oslo S – der det er full stans i togtrafikken i hovudstaden

Radio Norge fortel at kanalen igjennom fleire år har samarbeidt med TV 2 om utveksling av redaksjonelt innhold. Dette gir Radio Norge eksklusiv tilgang til alt journalistisk arbeid som blir skapt av TV 2s reporterar. I lys av det beskrivne samarbeidet med TV 2, har Medietilsynet innhenta ytterlegare informasjon frå Radio Norge for å avklare om kravet til eigenproduserte nyhetsbulletiner er oppfylt. Radio Norge viser til at dei har eigne journalistar som samlar inn og arbeider med alle nyheiter og all informasjon. Leveransen av lydklipp frå TV 2 utgjer ein svært liten del av det totale nyhetsinnhaldet Radio Norge sende i 2014. Medietilsynet har etter ei samla vurdering av dei opplysingane Radio Norge har gitt, kome til at kravet til eigenproduserte nyhetsbulletiner er oppfylt.



Reportar Hans-Kristian Rangnes hentar inn reaksjonar på statsbudsjettet. Radio Norge skal ha nyheits- og aktualitetssendingar med analytisk, kritisk og fordjupande perspektiv

Vidare skal Radio Norges nyheits- og aktualitetssendingar ha eit analytisk, kritisk og fordjupande perspektiv. Konsesjonsvilkåra føreset såleis at Radio Norge skal ha nyheits- og aktualitetssendingar som går utover nyhetsbulletiner. Kanalen fortel at nyheitssendinga klokka 20.00 er ei utvida sending der redaksjonen kan gå djupare inn i dagens nyhetsbilete, samt bruke fleire kjelder. Det er i utvida nyheitssendingar og aktualitetsprogram det i fyrste rekke blir gitt rom for analytiske, kritiske og fordjupande perspektiv. Medietilsynet konstaterer at Radio Norge berre har ei utvida nyheitssending, og denne blir send på kveldstid. *Høglund* (tidlegare *Norge Direkte*) er eit dagleg program der ein bruker god tid på saker som tidvis er dagsaktuelle og tidvis allmenngyldige. Programmet er bygt opp med reportasjar, gjestar, debattar og lyttarar som ringjer inn. Eksempel på tema i 2014 har vore pelsdyr og dyrevelferd, om kaffikapslar er ein søppeltrussel, om forfølgde asylsøkjarar får for lita hjelp frå Noreg og om det går an å snakke med dei daude.

Ifølgje Radio Norge er *Ærlig talt* ein programserie der ressurspersonar frå politikk, samfunnsliv og akademia går djupare inn i ulike tema. Nokre av problemstillingane som har stått på dagsordenen er minoritetar og deira behov for vern i Noreg, framtida for dagens vaksne på aldersheim, forfattarane sine kår i ei ny medieverd og at utdanning skaper klassekilde. I tillegg viser Radio Norge til at aktuelle saker blir debatterte og kommenterte i breiare programflatar på kvardagar, slik som *Formiddag med Johanna* mellom klokka 10 – 14 og *Hjemtur med Kim* frå klokka 14 – 18.

Medietilsynet vurderer at Radio Norge har analytiske, kritiske og fordjupande perspektiv i nyheits- og aktualitetssendingane, men av eit relativt avgrensa omfang.

Norsk musikk

Radio Norge skal spele minimum 35 prosent norsk musikk, og innfrir kravet med ein del på 38 prosent av den totale spelte musikken. Radio Norge fortel at norsk musikk er viktig for kanalen. Radio Norge viser også til eit ansvar for å skape rekruttering til det norske musikkmiljøet gjennom å gi nye talentar moglegheita til å bli hørt. Gjennom *Norgesscenen* har både etablerte og uetablerte artistar hatt framföringar i 2014. Konseptet *Norgesscenen* er ei live-scene der artistane stort sett berre blir akkompagnerte av ein gitar eller eit piano, sjølv om det også er gjort produksjonar med større band.



Rapartist J. Bayou med mini-band opptrer på *Norgesscenen* på Radio Norge

I tillegg til sendetid i Radio Norge, blir framføringane filma frå *Norgesscenen* og lagt på Youtube, samt at innslag blir krysspublisert i fleire kanalar innan SBS Radio Norge AS og på nettradioen RadioPlay.



Nokre nye og nokre meir etablerte artistar får scena til disposisjon hos Radio Norge. Her er Marit Larsen i gong med ei framføring

Distribusjon

Radio Norges radiosendingar skal ha minimum 90 prosent befolkningsdekning via FM-bandet. Radio Norge fortel at den faktiske dekningsgraden i FM-nettet utgjer 90,3 prosent. Ut ifrå Radio Norges utgreiing legg Medietilsynet til grunn at kanalen har dekning i alle landets fylke. Radio Norge er tilgjengeleg på DAB, på internett, i GET si digitale plattform samt i det digitale bakkenettet hos RiksTV.

Breidde i tema og sjanger

Frå 2014 fekk Radio Norge nye og lettare allmennkringkastingsforpliktingar, med langt færre spesifikke innhaldskrav. Radio Norge har likevel framleis eit overordna krav til at sendingane skal vere basert på prinsippa for allmennkringkasting. Radio Norges programprofil skal vere av allmenn karakter og interesse. Programmenyen skal ha breidde i tema og sjanger, både kva gjeld samansetjing av programkategoriar og samansetjinga innanfor den einskilde programkategorien.

Radio Norge opplyser at kanalen si primærmålgruppe er menn og kvinner over 30 år, samtidig som kanalen har lyttarar i alle aldersgrupper. Radio Norge satsar i breidda og ser mangfald som eit stikkord. Kanalen har fleire program som skal gi eit breiddetilbod. *Høglund/Norge Direkte* har tema som spenn frå livssyn og minoritetar, til forbrukarsaker og vitskap samt sport og «nye eldre». Verbaldelen er ifølgje Radio Norge rikeleg i dette programmet. *Hjemtur med Kim* blir sendt kvar ettermiddag måndag til torsdag frå klokka 14.00 til 18.00, og er ein brei sendeflate som tek for seg fleire temaområde, blant anna forbrukarstoff, kultur, samliv, familie, etikk, helse og økonomi. Programmet har ei fast spalte som heiter «Ting du bør vite», som presenterer alt frå nyheitssaker til sladder og forbrukarstoff.

Programmet *Formiddagen med Johanna* har som mål å spele mykje variert musikk, gi lyttarane relevant og underhaldande informasjon om musikken og ei oversikt over dagsaktuelle saker. Programleiaren kommenterer hendingar og ulike tema. Programposten er innom tema som familie, samliv, helse, politikk, sport, kultur, samfunn, reise og barn. I *Fredag med Lars* blir veka sine hendingar summerte med ein eigenkomponert song av Lars Eikanger, det er ei eiga spalte med musikkhistorie i perioden mellom 1970 og fram til i dag, og lyttarane får ei oversikt over den mest populære musikken ulike stader i verda akkurat no. I Radio Norges lange sendeflate på morgonen *Morgenklubben med Loven & Co*, oppdaterast nyheter, trafikk og vær, underhaldning og lett informasjon, og humor blir framheva som eit viktig element. I sommarmånadene blir *Morgenklubben* erstatta med *Sommermorgen*, som i 2014 hadde eit fast innslag der seks år gamle Alma tok for seg ulike tema frå perspektivet til eit barn.



I *Morgenklubbens* sommarferie tok programmet *Sommermorgen* over. I dette programmet fekk lyttarane høre frå Alma, som snakket om mange forskjellige tema frå perspektivet til ein seksåring

Musikktildømet er konsentrert om sjangrane pop og pop-rock, men Radio Norge speler også country, disco, blues, metal, soul, RNB, hiphop, reggae, punk, visesong og rock. I *Norgesscenen* gav ei rekke artistar live framføringer i 2014. Radio Norge hadde musikkprogram som eksempelvis *Classic hits*, *80-tallet*, *90-tallet* og *Topp 1000*. Radio Norge sende direkte frå Telenor Arena opp mot konsertstarten på *We love the 80s*, med intervjuer av ulike artistar.

Ved vurderinga av Radio Norges oppfylling av dei overordna krava, har Medietilsynet tidlegare lagt stor vekt på om Radio Norge innfrir dei spesifikke innhaldskrava. Allmennkringkastingsoppdraget til Radio Norge var fram til 2014 definert i mange spesifikke krav, medrekna kvantitative leveranse mål for ei rekke ulike tema og sjangrar. Når dei nye konsesjonsvilkåra set langt færre spesifikke krav, samtidig som Radio Norge ikkje har lagt fram ein programstatistikk som viser omfanget av ulike programkategoriar i 2014, må vurderinga til tilsynet basere seg på Radio Norges skildring av sine redaksjonelle satsingar innanfor ulike tema og sjangrar.

Radio Norge opplyser at kanalen freistar å inkludere kategoriane nyheiter, kultur, sport og underhaldning i dei fleste program framfor å konsentrere innhaldet i enkelte program om eit av desse temaområda. Radio Norge skildrar eit tilbod med ei rekke breie program, der dei fleste femner ulike tema innanfor det som Radio Norge sjølv framstiller som hovudkategoriane sine. Ei slik tilnærming inneber at Radio Norge i praksis har lita breidde i den totale samansettjinga av programkategoriar, fordi kanalen i hovudsak tilbyr ei rekke liknande, breie programkonsept. Radio Norge skal også ha ei breidde i tema innanfor den einskilde programkategorien. Radio Norge gir eksempel på ei rekke ulike tema i deira program, og Medietilsynet har under tvil kome til at dette bidrar til å vareta ei viss tematisk breidde innanfor dei programkategoriane kanalen tilbyr. Radio Norge fortel om ei viss veksling mellom ulike programsjangrar i det totale programtilbodet sitt, og viser at sjangrar som studointervjuar, reportasjar og debattar blir tekne i bruk i breie programflatar.

Medietilsynet finn etter ei heilskapleg vurdering at Radio Norge oppfyller kravet om at programprofilen skal vere av allmenn karakter og interesse.

Breie og smale grupper

Radio Norge har krav om å ha program for både breie og smale grupper. Kanalen opplyser at dei presenterer stor breidde i kvart program. Det er viktig for Radio Norge å tilby breie program som alle identifiserer seg med, men også skreddarsy for somme få der det er føremålstenleg.

På spørsmål frå Medietilsynet gjer Radio Norge greie for at programlegginga byggjer på å inkludere smalare innhald i faste program med brei publikumsappell. Radio Norge meiner dette gjer innhaldet så tilgjengeleg og føreseieleg som mogeleg, også for dei spesielt

interesserte. Radio Norge ser ikkje dette vilkåret som eit krav om at kanalen må ha eigne program for smale målgrupper, men som eit krav om at kanalen sine program må inkludere innhald som er målretta mot både breie og smale grupper. På bakgrunn av dette meiner kanalen at kravet i prinsippet må kunne vere oppfylt sjølv om eit program med særskild innhald for smale målgrupper også har delar som er målretta for breie grupper. Kanalen har tidlegare år hatt eigne, dedikerte program av ulike kategoriar smalt innhald, men desse blei lagde ned før den nye konsesjonsperioden. Radio Norge seier at programma *Ærlig talt* og *Høglund/Norge Direkte* har innhald som er særskilt retta mot smale grupper, og inneheld tema innanfor livssyn, det fleirkulturelle Noreg/minoritetar, dei nye eldre, barn og unge, vitskap/teknologi, kultur, sport og idrett og forbrukarstoff.

Vidare meiner kanalen at denne tilnærminga til programlegging er i tråd med utviklinga generelt, der det i større grad blir operert med ei rekke forskjellige og meir eller mindre faste innslag innanfor ei og same programflate, framfor at smale innslag skiljast ut i separate program. Radio Norge meiner det må vere det samla programtilbodet overfor dei respektive gruppene som må vere avgjerande, og ikkje om eit innslag retta mot smale grupper er skilja ut i eige program.

Medietilsynet har forståing for at det å stille krav om eigne program kan synast å stride mot at tendensen i programlegging i radio trekker i retning av lengre programflater og færre dedikerte program. Både P4 og NRK har fremma liknande synspunkt. Medietilsynet viser til at Radio Norges nye konsesjon inneheld vesentleg færre spesifikke krav, og det er ikkje lengre definert kva smale grupper Radio Norge skal programsetje for. Etter tilsynets vurdering inneber dette ei realitetsendring med omsyn til dei krava som blir stilte til Radio Norge. Det betyr at Radio Norge sjølv kan velje kva for smale grupper kanalen skal programsetje for og gir rom for å programsetje for færre smale grupper enn dei spesifikke vilkåra tidlegare føresette. Samtidig er det overordna kravet om program for både breie og smale grupper vidareførte i dei nye vilkåra. Det er langvarig praksis for korleis ein skal forstå dette overordna kravet.

Kravet blei i si tid operasjonalisert av Allmennkringkastingsrådet til å innebere «et krav om veksling mellom programmer som i prinsippet er henvendt til alle eller de fleste over en viss alder og programmer som er vendt til spesielle alders- eller interessegrupper». Vidare blei det understreka at «det avgjørende er at det reelle sosiale og kulturelle mangfoldet i befolkningen er representert i rimelig grad». Prinsippet om at allmennkringkastarane skal ha program for både breie og smale grupper, blei tatt inn som overordna krav i konsesjonsvilkåra. Når ordlyden i kravet er vidareført i dei nye vilkåra, legg Medietilsynet vekt på den gjeldande forståinga av kva som ligg i kravet. Ei slik forståing er også relevant for at kravet til program for både breie og smale grupper, skal ha ei sjølvstendig tyding ut over kravet som blir stilt til tematisk breidde i sjanger og tema.

Medietilsynet legg vidare til grunn at formålet med eit slikt krav er å sikre at program med eit smalare publikumspotensial framleis blir programsette. Eigne program bidrar også til å vareta omsynet til at lyttarane skal kunne oppsøkje og finne denne typen tilbod. På bakgrunn av dette meiner Medietilsynet at tolkinga av kravet om program må vere slik at kringkastaren både

skal ha program for breie og for smale grupper, og at kravet ikkje kan oppfyllast ved å inkludere såkalla smalare tematisk innhald gjennom programinnslag i dei breie programma. Medietilsynet føreset ei veksling mellom både program for breie og program for smale grupper.

Medietilsynet konstaterer at Radio Norge har hatt program for breie grupper i 2014, men berre har innslag i desse programma for smale grupper. Medietilsynet finn at mangelen på program for smale grupper tilseier at det overordna kravet om program for både breie og smale grupper ikkje er oppfylt. Tilsynet har kome til at det ikkje er formålstenleg å reise tilsynssak for dette brotet på noverande tidspunkt, men vi vil ha dialog med alle allmennkringkastarane om dette forholdet fram mot neste allmennkringkastingsrapport.



Nyheits- og aktualitetsdekninga

Frå sin sentrale nyheitsredaksjon på Lillehammer sender P4 daglege eigenproduserte nyheitssendingar. Nyheitsredaksjonen produserer nyheitsbulletiner som blir sendt på faste tidspunkt gjennom heile dagen. P4 sende nyheiter kvar heile time mellom klokka 06.00 til 24.00 alle kvardagar, samt kvar halvtime morgen og ettermiddag. I helgane og på heilagdagar blei nyheitene sende mellom klokka 08.00 og 24.00. I 2014 blei det sendt 8 333 nyheitssendingar. 16 704 nyheitssaker blei omtalte, og av dette var 8,4 prosent såkalla eksklusive eigensaker. 46,1 prosent var nyheitsavdelinga sine eigne vinklingar på sakene. P4 hadde 93 nyheitsbrot; såkalla korte oppdateringar i program og med referanse til neste nyhetsbulletin. P4 innfrir kravet om å ha ein eigen nyheitsredaksjon og tilby faste eigenproduserte nyheitsbulletiner gjennom heile dagen.

Nyheits- og aktualitetssendingane til P4 skal også ha eit analytisk, kritisk og fordjupande perspektiv. Det er i utvida nyheitssendingar og aktualitetsprogram det i fyrste rekke blir gitt rom for analytiske, kritiske og fordjupande perspektiv. P4 fortel om at nyheitssendingane innanfor tidsrommet klokka 07.30 og 16.00 varar lenger og gir rom for fordjuping, kommentar og analyse. P4 har etablert to aktualitetsprogram, *Nyhetsmagasinet 16* og *LarsenLive* som både debatterer dagsaktuelle saker, nasjonalt og internasjonalt, og set saker inn i eit større perspektiv.




Det skal vere analyse, kritisk blikk og fordjuping i nyheits- og aktualitetsdekninga, og i desken i P4 er det mykje aktivitet. I 2014 blei 16 704 nyheitssaker omtalte, og av dette var 8,4 prosent eksklusive eigensaker

Nyhetsmagasinet 16 inneheld korte debattar, utanriksrapportering og ei brei oversikt frå dagens nyheitsbilete. *LarsenLive* har som mål å setje dei viktigaste nasjonale og internasjonale tema i perspektiv ved at sakene klargjerast og blir debattert frå aktuelle og ofte overraskande sider. I programmet deltek også P4s korrespondentar, og utsende reporterar til store hendingar i inn- og utland. Eit fast innslag i *LarsenLive* er «folkedebatten» der lyttarane ofte er debattantane. Eksempel på tema i 2014 har vore spørsmål om fotlekkjesoning, færre eller fleire ulv i Noreg, snittfartsmålingar på norske vegar og alkoholknutane til russen. Andre faste innslag er «3 ting», der nyheitsreportaren summerer tre viktige saker frå dagens nyheitsbilete, og «nyhetspuls» som går litt djupare i ei av dei viktigaste sakene i dagens nyheitsbilete. Vidare er det ei rekke faste innslag som omtaler og vinklar aktuelle saker på ein underhaldande måte. I høve grunnlovsjubiléet turnerte programmet *LarsenLive* Noreg rundt frå 1. til 17. mai med direktesendingar. P4 viser til at også dei breie flatene inneholder samfunnsdebatt og perspektiv, slik som *Radiofrokosten*.

Medietilsynet vurderer at kravet om at nyheits- og aktualitetssendingane skal innehalde analyse og fordjuping er innfridd. Medietilsynet vurderer det som positivt at dekninga av nyheiter og aktualitetar omfattar ei god fordeling mellom norske og internasjonale nyheiter. P4 får blant anna stoff frå korrespondentar i USA, Tyskland og Israel. 21,4 prosent internasjonale saker i nyheitsdekninga vitnar om eit noko lågare nærvær av internasjonale perspektiv enn P4 har hatt tidlegare år, men det kjem fram av P4 sitt allmennkringkastarrekneskap at den internasjonale dekninga er viktig for kanalen. Desse perspektiva synest å vere godt representerte i aktualitetsdekninga.

Norsk musikk

Konsesjonen set krav til at P4 skal spele minst 35 prosent norsk musikk i sendingane sine. P4 spelte 43,5 prosent norsk musikk i 2014 og oppfylte kravet med god margin. P4 har sjølv eit internt mål om å spele 40 prosent norsk musikk. Dei tre siste åra har P4 levert godt over både konsesjonskravet og sitt eige interne mål, med 44,6 prosent i 2012 og 43,3 prosent i 2013.



Det er ikkje lenger eit krav for P4 å rapportere om kor mykje av den musikken dei spelar som er norsk på norsk. Likevel er P4 opptekne av dette – og her ser vi dei unge artistane og brørne Marcus og Martinus på scena under ei av Vinterlydkonsertane

Utan at det lenger er konkrete krav så fortel P4 vidare at 14,2 prosent av musikken var norsk på norsk, og at av den norske musikken som blei spelt i 2014 var 23 prosent ny, norsk musikk. Medietilsynet ser positivt på at P4 fortset å rapportere om delen av norskspråkleg musikk og ny, norsk musikk, som begge er sentrale aspektar i formålet med kravet om å spille norsk musikk.




Folkemengda i Tromsø ønskjer *Vinterlyd* velkommen. Gjennom *Vinterlyd* gir P4 både nye og meir etablerte norske artistar ei scene å møte publikum på

P4 fortsette i 2014 med konsertturnéen *Vinterlyd*, som er eit samarbeid med Kreftforeningen. P4 er oppteken av å promotere og satse på norske artistar med *Vinterlyd*, og hadde både nykomrarar og meir etablerte norske artistar med på turnéen i 2014.

Distribusjon

P4 viser til at sendingane i FM-nettet når cirka 80 prosent av befolkninga, og oppfyller kravet om minst 60 prosent dekning via FM-bandet med god margin. Medietilsynet legg ut frå P4s utgreiing også til grunn at kanalen har dekning i alle landet sine fylke. I 2014 var P4 tilgjengeleg på DAB, internett, mobilapper, RiksTV, satellitt og kabel.



IKT-miljøet i P4 på Lillehammer er med på å sikre at det tekniske er i stand og får ut sendingane til lyttarar over heile landet

Breidde i tema og sjanger

P4 fekk frå 2014 nye og lettare allmennkringkastingsforpliktingar, med langt færre spesifikke innhaldskrav. P4 har likevel framleis eit overordna krav til at sendingane skal vere basert på prinsippa for allmennkringkasting. P4s programprofil skal vere av allmenn karakter og interesse. Programmenyen skal ha breidde i tema og sjanger, både kva gjeld samansetjing av programkategoriar og samansetjinga innanfor den einskilde programkategorien.

P4 klargjer for ei satsing på breidde i stoff og sjangertilnærming og at kanalen tilbyr kritisk og analytisk journalistikk. Nyheits- og aktualitetsmagasina *Nyhetsmagasinet 16* og *LarsenLive* medverkar saman med den løpende nyhetsdekninga til breidde og fordjuping. P4 har daglege kulturnyheiter som blir sende i dei lange sendeflatene mellom klokka 06.00 og 10.00 i *P4s Radiofrokost* og mellom klokka 15.00 og 17.00 i *Midt i Trafikken*.

P4 har også breie kulturprogram alle kvardagar i *Radiokompaniet*, som blir sendt mellom klokka 10.00 og 12.00, og *Michael Direkte*, frå klokka 13.00 til 15.00. Det første programmet har ifølgje P4 ei rekke faste postar som språkspalte, kuriøse påfunn og skråblikk med norsk kultur som bakteppe og kunnskapsduellar mellom ulike yrke. Det andre programmet har som mål å informere, utfordre og underhalde på dei fleste av kulturen sine tema og sjangrar. I *Michael Direkte* er det eigne kommentatorar for kino/film/DVD, tv, musikk, konsertar, teater og så vidare. Programmet har også hatt fokus på ulike kulturelle hendingar som Grand Prix, film- og musikkfestivalar og lansering av norske filmar i utlandet.

Lokale og regionale kultursaker blei dekte av P4s medarbeidarar i dei store norske byane gjennom reportasjar i breie sendeflater og som innslag i kulturnyheitene. P4s korrespondentar har i 2014 dekt internasjonal kultur. Dei to programma *Meggene* og *Misjonen* omhandlar medium, mediekritikk og satire. Programmet *Kjærlighet uten grenser* blei relansert i 2014 og blir kvar kveld sendt frå klokka 21.00 til 01.00. Dei første timane av programmet er direktesende, og byr på kjensler, lyttarhelsingar og musikkønske. P4 framhevar programmet som årets største suksess, og seier at det femner både unge og eldre lyttarar.

I 2014 blei det i tillegg til direktesendingar frå *Vinterlyd*, som er P4s samarbeid med Kreftforeningen, laga reportasjar blant anna om kreft og artistane sitt engasjement. P4 sette fokus på skule og utdanning under *Sommerturnéen* i samarbeid med Redd Barna. P4 viser til at kanalen har eit breitt musikktilbod som passar mange på dagtid, men at tilboden på kveldstid blir utvida med musikk innanfor smalare sjangrar eller uttrykk. I 2014 sende P4 13,4 prosent reklame og 22,5 prosent redaksjonelt stoff på døgnbasis. Dette er ein reduksjon frå dei føregåande åra då prosentdelen redaksjonelt stoff gradvis auka mot nesten 25 prosent i 2013.



Michael Andreassen er programleiar for Michael Direkte – og i 2014 var han også programleiar for Vinterlyd-turnéen. Begge desse programma er ein del av P4s breie programtilbod

P4 sender både sportsnyheter og har andre sportssendingar, der direktesendingar av nasjonale og internasjonale arrangement står sentralt. I 2014 dekte P4 OL i Sotsji, sykkel-VM i Spania og handball-VM i Ungarn/Kroatia, samt dei norske kampane til fotballandslaget i inn- og utland og norsk tippeliga og cup. I vinterhalvåret er det typiske vinteridrettar som alpint, hopp, ski, skiskyting og skøyteløp som blir dekte. I 2014 sende dei 927 nyheitssendingar med sport.

Program retta mot trafikantar er også ein del av P4s tilbod, og kanalen er ifølgje seg sjølve Noregs største bilradio. P4 vektlegg oppdatert informasjon om trafikk-, vær- og køyreforhold. Kanalen har eigen trafikkredaksjon på Lillehammer, samt eigen trafikkreporter som overvakar og rapporterer om den trafikale statusen over heile landet til einkvar tid. Hovudprogramma er *Midt i Trafikken* alle kvardagar på ettermiddagen og *P4s Radiofrokost*, men trafikkinformasjon blir teken inn i andre sendeflater kontinuerleg ved behov. P4 har nært samarbeid med Statens Vegvesen, Veitrafiksentralen, utsyningspoliti og andre relevante organisasjoner og etatar. P4 har eit eige trafikkhelikopter, som hovudsakleg blir nytta på Austlandet.



Silje Stang er ein av tre programleiarar i *P4s Morgenfrokost* – der trafikken og trafikkforholda blir dekt dagleg

Medietilsynet har tidlegare lagt stor vekt på i kva grad P4 innfrir dei spesifikke innhaldskrava når vi har vurdert om dei innfrir dei overordna krava. Allmennkringkastingsoppdraget til P4 var fram til 2014 definert i ei omfattande mengde spesifikke krav, medrekna kvantitative leveransemål for ei rekke ulike tema og sjangrar. Dei nye konsesjonsvilkåra stiller langt færre spesifikke krav, samtidig som P4 ikkje har lagt fram ein programstatistikk som viser omfanget av ulike programkategoriar i 2014. Vår vurdering må derfor basere seg på P4s framstilling av sine redaksjonelle satsingar innanfor ulike tema og sjangrar.

Medietilsynet vurderer at P4 med nokre nye program og vidareføring av tidlegare program, skildrar eit tilbod som til saman reflekterer ei tilfredsstillande breidde i den totale samansetjinga av programkategoriar. Tilboden har klare tyngdepunkt innan nyheter og aktualitetar, musikk/kultur/underhaldning, sport og trafikk. Kategoriar som typisk blir rekna som smalare på tema, er noko lågt representert. Dette er for eksempel religion/livsfilosofi og vitskap/teknologi. P4s framstilling viser etter tilsynets vurdering også ei tilfredsstillande tematisk breidde innanfor den einskilde programkategorien. P4 veksler mellom ulike programsjangrar i det totale programtilboden sitt, og viser innanfor dei ulike programkategoriane at sjangrar som studiointervjuar, reportasjar, direkterapportar, debattar og kommentarar/omtalar, regelmessig blir tekne i bruk. Medietilsynet finn også at P4 oppfyller kravet om at programprofilen skal vere av allmenn karakter og interesse.

Breie og smale grupper

P4 har eit krav om å ha program for både breie og smale grupper. P4 fortel at dei tilbyr både breie sendeflater som er sette saman for å vareta omsynet til alle norske lyttargrupper, og program retta mot spesielle tema, musikksjangrar og målgrupper. Vidare seier P4 at tilbodet til barn, ungdom og eldre blir tilpassa ved fleire høve, spesielt i høgtider. Eksempel på dette er familieretta tilbod som spesiallaga quizar retta mot barn, julekalender og påskemysterium. På spørsmål frå Medietilsynet presiserer P4 at kanalen ikkje har hatt eigne program for smale grupper i 2014, og programset ikkje for smale grupper med enkelprogram og viser til at dei lange sendeflatene til kanalen rommar tilbod også til dei smale gruppene. P4 meiner at kanalen på denne måten har program for både breie og smale grupper slik konsesjonen krev. Vidare meiner P4 at det er lite formålstenleg og lite tidsriktig med eigne program for såkalla smale grupper, og at moderne allmennkringkasting må ha sendeflater som rommar tilbod til breie og smale grupper på same tid. I denne samanhengen meiner også P4 at det er lite lyttarvennleg å leggje opp til at smale grupper må stille inn radioen på særskilde sendetidspunkt.

Medietilsynet har forståing for at det å stille krav om eigne program kan synast å stride mot at tendensen i programlegging i radio trekker i retning av lengre programflater og færre dedikerte program. Både Radio Norge og NRK har fremma liknande synspunkt. Medietilsynet viser til at P4s nye konsesjon innehold vesentleg færre spesifikke krav, og det er ikkje lenger definert kva smale grupper P4 skal programsetje for. Dette inneber etter vår vurdering ei realitetsendring med omsyn til dei krava som blir stilte til P4. Det betyr at P4 sjølv kan velje kva for smale grupper kanalen skal programsetje for og gir rom for å programsetje for færre smale grupper enn dei spesifikke vilkåra tidlegare føresette. Samtidig er det overordna kravet om program for både breie og smale grupper vidareførte i dei nye vilkåra.

Det er langvarig praksis for korleis ein skal forstå dette overordna kravet. Kravet blei i si tid operasjonalisert av Allmennkringkastingsrådet til å innebere «et krav om veksling mellom programmer som i prinsippet er henvendt til alle eller de fleste over en viss alder og programmer som er vendt til spesielle alders- eller interessegrupper». Vidare blei det understreka at «det avgjørende er at det reelle sosiale og kulturelle mangfoldet i befolkningen er representert i rimelig grad». Prinsippet om at allmennkringkastarane skal ha program for både breie og smale grupper blei tatt inn som overordna krav i konsesjonsvilkåra. Når ordlyden i kravet er vidareført i dei nye vilkåra, legg vi vekt på den gjeldande forståinga av kva som ligg i kravet. Ei slik forståing er også relevant for at kravet til program for både breie og smale grupper skal ha ei sjølvstendig tyding ut over kravet som blir stilt til tematisk breidde i sjanger og tema.

Medietilsynet legg vidare til grunn at formålet med eit slikt krav er å sikre at program med eit smalare publikumspotensial framleis blir programsette. Eigne program medverkar også til å vareta omsynet til at lyttarane skal kunne oppsøkje og finne att denne typen tilbod. På denne bakgrunnen meiner Medietilsynet at tolkinga av kravet om program må vere slik at

kringkastaren både skal ha program for breie og for smale grupper, og at kravet ikkje kan oppfyllast ved å inkludere såkalla smalare tematisk innhald gjennom programinnslag i dei breie programma. Vi føreset ei veksling mellom både program for breie og program for smale grupper.

Medietilsynet konstaterer at P4 har hatt program for breie grupper i 2014, men berre har innslag i desse programma for smale grupper. Medietilsynet finn at mangelen på program for smale grupper tilseier at det overordna kravet om program for både breie og smale grupper ikkje er oppfylt. Tilsynet har kome til at det ikkje er formålstenleg å reise tilsynssak for dette brotet nå, men vil ha dialog med alle allmennkringkastarar om dette forholdet fram mot neste års allmennkringkastingsrapport.